

Hei

Vi ynskjer deg hjarteleg velkommen til Superhelg på Åfarnes. Det er 145 påmeldte til kurs og 24 klubbar representert, dette er rekordpåmelding og blir ei kjekk helg.

Dette blir ei tradisjonell superhelg slik vi kjenner, berre på ny stad.

### **Plakettfest**

Laurdags ettermiddag skal vi alle saman på plakettfest, så ta med fine kle.

Plakettmottakarane møter i bunad og dress, dette er ikkje naudsynt for medlemane.

Ved transport til plakettfesten vert det kjørt skyttelbuss frå skulen. Samfunnshuset Strandheim ligg ca 6 minutters kjøretur frå Åfarnes Skule og grunna begrensa med parkeringsplass oppmodar vi på det sterkaste at deltakarar på helga benyttar seg av bussen.

### **Kiosk og butikk**

Det vil bli moglegheit til å gå på butikken i "fritida" de har under helga, men det forventast at deltakarar deltek på oppsett program gjennom helga. Alle deltakarar må vere i følgje med ein leiar(vaksen) til butikken, vaksenleiar har ansvar for medlem frå eigen klubb. Det blir kiosk på arrangementet på kveldstid fredag og laurdag. Samt under pausene i årsmøtet.

### **Mat**

Det blir servert brødmatt til frokost og kveldsmatt laurdag og søndag. Ellers er menyen for helga som følger:

- Fredag: Taco (Middag)
- Laurdag: Pastasalat (Lunsj), Lasagne (Middag)
- Søndag: Hambrurger (Lunsj)

Allergiar: allergiar meldt inn ved påmelding vert teke omsyn til. Om det er spørsmål til dette under helga ta kontakt med kjøkkenet.

### **Årsmøte**

Søndag er det årsmøtet, [sakspapir med meir finn det på heimesida](#). Klubben registrera seg saman– og gir beskjed om kven som har stemmerett, 2stk per klubb. De andre er observatørar.

For dykk som reiser lengst, og må ta noko fri frå skulen – så ligg her ein mal de kan bruke.

## Pakkeliste

- Sovepose og liggeunderlag (dobbelmadrass = 2 personar)
- Toalettsaker
- Handkle
- Kle til heile helga
- Lette utekle til utandørs mogonaktivitet
- Innesko
- Skrivesaker
- Datamaskin (gjeld kasserarkurset)
- Finkle til plakettfesten
- **Energidrikk er ikkje tillat på 4H arrangement**

Oppfordrar alle til å pakke fornuftig då vi er rekord mange påmeldte på helga. Dobbelmadrass og unødvendig store kolli er ikkje ønskjeleg.

## Kurs

Alle kurs oppfordrast til å ta med skrivesaker og noko å notere på. Under følger spesielle føringar for friluftshelt og kasserarkurs:

### Friluftsheltkurset

På dette kurset skal vi vere ute store delar av laurdagen, så det er viktig at du sjekkar vêrmeldinga og har med deg nok varme klede. Og i løpet av helga skal vi lære mykje om friluftsliv og korleis bruke det i aktivitetar i 4H-klubben.

### Ekstra pakkeliste for friluftshelt:

- Noko å skrive på og med
- Tursekk 40L eller meir
- Sitjeunderlag
- Fjellsko eller vintersko
- Drikkeflaske og kopp
- Bestikk og djup tallerken
- Hovudlykt
- Kniv
- Vottar og lue
- Klede etter været, vi skal vere ute i 5-6 timar
  - Ull-klede
  - Ekstra skift
  - Turbukse
  - Varm genser
  - Vind- og vasstett jakke

Vi gler oss veldig til å sjå dykk på fredag og håpar på at dette blir ei artig og lærerik helg!

Helsing Iver og Sofie, friluftshelt-instruktørar.

## Kasserarkurset

Vi skal føre rekneskapen i 4H si digitale kassabok i programmet Microsoft Excel. For å få mest ut av kurset anbefalast det at deltakarar på kasserarkurs tek med **datamaskin og lastar ned kassaboka frå 4H.no**. Kassaboka finn du ved å klikke på linken under eller gå inn på ressursssidene på grå verktøylinje øvst på 4H.no. Last ned dokumentet som heiter "Kassabok.xlsx (104KB)"

Link til ressursssidene 4H.no: <https://4h.no/ressurssider/moteboka-kassaboka-og-aret-rundt/>

## Vegskildring

[Her finn du Åfarnes barne- og ungdomsskule](#)

Adressa er Myravegen 2, Åfarnes

Vi gler oss til å treffe dokke alle

Helsing instruktørane, vertsklubb og tilsette.

Vedlagt:

Fritak frå skule

Program

Reglar for superhelga